# BEIRUT

| | |
|---|---|
| Frå eit bakrom i Beirut | a-d |
| går ein sekstenåring ut | G-a |
| Ho skal døy for ei sak | F-C |
| i eit sjølvmordsattentat | E7 |
| Ho har fått evig liv | a-d |
| i eit videoarkiv | G-a |
| i eit videokutt | F-a |
| eit minutt, i ein dagsrevy | F-a-E(7) |

| | |
|---|---|
| På ein kafé i Beirut | a-d |
| sit fire og drikk jamt og trutt | G-a |
| Dei prøver å gløyme alt | F-C |
| varmt og kaldt | E7 |
| Og på ein kafé i Beirut | a-d |
| sit to og gjer det slutt | G-a |
| dei skal gå kvar sin vei | F-a |
| trur dei…. *nananana* | F-E7 |
| Og på ei gate i Beirut | a-G |
| utfor ein kafé | F-E7 |
| står ein soldat, ein okkupant, | a-G |
| ein journalist som lyg heilt sant, | F-E7 |
| nokre ungar som sparkar ball, | a-G |
| ein hund på jakt etter mat, | a-G |
| folk som spyttar | a-F |
| etter ein soldat | d-G |
| Og der er mange, mange fleire | F-E7 |
| …*nananana* | |

| | |
|---|---|
| Frå eit bakrom, ein kafé, | a |
| på ei gate i Beirut | G |
| går ein sekstenåring ut, | F |
| sit fire og drikk jamt og trutt, | E7 |
| sit to og gjer det slutt, | a |
| sit mange, mange fleire, | G |
| ein soldat, ein okkupant, | F |
| ein journalist som lyg heilt sant, | E7 |
| nokre ungar som sparkar ball, | a |
| ein hund på jakt etter mat, | G |
| folk som spyttar, folk som går, | F |
| folk som sit og folk som står, | E7 |
| folk som håpar, folk som ler, | a |
| folk som skjønar, folk som ser, | G-F |
| - og ein bil glir fram… | F-E(7) |

*repeter a-tema, deretter c-tema*